



## Å R S M E L D I N G 1985/86.

Siste årsmøte vart halde i Randsverk i mars 1985, med ca 25 frammøtte. Iver Gjelstenli var kveldens foredragshaldar.

Av personlege årsaker vart årsmøte for 1986 utsett frå sist vinter til i haust. Denne perioda har det vori slik samansetning i Styre og utval:

<u>Styre:</u>	Leiar:	Terje Kleiven
	Kasserer:	Heidi Johnsen
	Sekretær:	Anders Nordnes
	Styremedlem:	Lars Sulheim

Hyttekontakt: Jan W. Holst og Heidi Johnsen.

Fjelljoredaksjon: Terje Kleiven, Jan W. Holst, Bjørn Rygh.

Instruksjonsutv: Lars Sulheim, Terje Kleiven, Per Kr. Eide, Bjørn Halvorsen og Helge Bårdseth.

Nor-Klatt kont: Terje Kleiven

Klubben har pr. i dag 100 medlemmer, ein liten auke frå ifjor.

### A k t i v i t e t

Det er uråd i ein slik klubb som J.F.K. å gje ei fullgod oversikt over all aktivitet. Av positive ting vil vi nevne: Fjelljo, Ruteføraren for Aust og Midt-Jotunheimen, Deltaking i redningstjeneste, Veomohytta, klubbsamling og fleire gode møter.

Når det gjeld klatre/fjellsportaktiviteten så varierer denne sjølsagt sterkt ifrå Everest-bestigning til behageleg sofa-alpinisme. Dei fleste av oss er vel helst midt mellom. Forutan toppen av Everest så veit vi at det har vori klubbmedlemmer i Alpene (Chamonix), USA, Hurrungane, Romsdalen, Andersnatten, Selnes på Fosen, Korsvika og Tikneppen i Trondhei Kolsås og Fjell i Oslo, på Jostedalsbreen, ja, til og med inni Femundsmarka har det vori observert klubbmedlemmer - og sikkert mange andre plasser....

Av nye bestigninger nevner vi:

- Holongfossen, 50 m 60-90°. (Vidar, Terje, Tor og Per E.)
- Lars gjekk Kvitlauken /7+) på Hoftabrua i 85, den til nå hardaste ruta i området vårt.
- Dag var hausten 85 med på ei ny rute på Selnes. "Hastverk". 6 taulengder -6?.
- Terje og Knut gjekk i 85 sørvestveggen på Knutshø. (2-5+)
- Vidar og Terje gjekk ei ny svarute i Båtstadberget (5-)
- Per har løyst fleire akrobatiske problem i Jutulporten m/ tilliggjande knausar.

Vi håper dette berre er ein del av aktiviteten.



## Møter / Samlinger o.l.

I tillegg til årsmøte har det vori 3 møter:

- 23/9-85. Møte hjå Terje Kleiven.  
Synte videoen om Patrick Edlinger.
- 3/2-86. Møte hjå Vidar Høiberg.  
Egne bilder om fosseklating.
- 18/4-86. Everestkveld på Otta v/Stein Aasheim.  
100 frammøtte.

Jubileumsfesten i fjor haust vart dessverre avlyst.

### Hurrungsamling 25-27. juli-86.

Ca 15 klubbmedlemmer var observert denne helga. Været var ikkje topp men det vart gått fleire ruter på Storen, Dyrhaugryggen mm.

Julsundsamlinga i mai. To år på rad har klubbmedlemmer vori med på vårsamlinga i Julsundet ved Molde. Fin treff.

Klatreseminar. Vidar Høiberg og Terje Kleiven deltok på klatreseminar i Oslo i mars i år med tema: Forhåndstrening for klatring.

## Fjelljo

Ved juletider kom 5. nummeret av Fjelljo. Vi trur vi har funne ein bra måte å markedsføre klubben (og oss sjølve) på. Den viser vel igrunnen meir enn ei skarve årsmelding om kva klubben er.

## Veomohytta

Det har vori bra bruk av hytta, sjøl om vi sjølsagt kunne tenkt oss det enda betre. Det har siste året vori overnattingar.

Eg vil spesielt framheve den innsatsen Jan Holst gjer for å hytta. Tidleg i haust var det innbrot her (for 2. gong) og vi bør diskutere kva vi kan gjera for å sikre den betre.

## Framtids tankar

Det er viktig at einkvar fjellsportklubb har sine særtrekk, har noko felles, noko som samlar oss. Vi har Fjelljo, vi har Veomohytta, vi har førar, vi har møter..... Men vi kan heller ikkje stagnere der, vi lyt koma oss vidare. Det viktigaste er å få til eit skikkeleg klatremiljø. Eg vil peike på to viktige faktorer som fremjer dette:

- fellestrening (innetrening om vinteren)
- utvikle og bruke dei treningsfelt som vi har, samt finne nye områder.

Vi lyt og satse meir på å utvikle føraren. Det vil si at vi må gå opp fleire ruter og gjera fleire rutebeskrivelsar - altså at vi er flinkare til å bruke Aust- og Midt Jotunheimen. Eg er obertydd om at det finns mange godbitar her som enda står urørt.

Vi bør og bli flinkare til å reise på tur saman.

Takk for i år.

Terje Kleiven  
Leiar